

Ver merksam på steinsprang i Kleivadalen.

17.02.2019



Større og mindre steinblokker rasar ned på gangvegen i Kleivadalen.

Ein lesar har sendt oss informasjon om steinsprang frå fjellvegg og ned på gang- og sykkelvegen i Kleivadalen. Dårlig fjell og frostsprenging gjer at det rasar ut store og mindre steinblokker som kan vera ein fare for dei på sykkel og for forbigåande.

Det er viktig at alle er merksame på dette og held seg på andre sida av gangvegen tett inntil rekkverket. Plassen er i den bratte skrenten under hus til Geir Inge Koløy. Fjellet er delvis sikra med bolt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal